

Haustetidsvurderingar veke 35

Måndag 28. august vart det teke haustetidsprøver av Discovery og Summerred.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Discovery

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streifindeks: 0,09-0,16

Dyrkar	K O Loen	K Kleppe	G A Vereide
Stad	Loen	Innvik	Sandane
Prøve nr	1	2	3
Dato	28.08.23	28.08.23	28.08.23
Fruktvekt g	146 g	163 g	140 g
Grunnfarge	C3	C2-C3	C2-C3
Fastleik	8,1	8,3	8,3
Sukker	10,35	10,98	10,68
Stive	5,1	5,6	4,3
Streif	0,15	0,13	0,18

Sukkerinnhaldet ligg på minimum no, men epla treng litt meir utvikling på både stive og grunnfarge, denne er framleis litt for grøn. Med fine dagar framover vil utviklinga gå greitt framover og tidlege felt bør vere budd på å starte plukkhausting til helga eller like over helga. Seinare felt kan nok vente til utover i veka. Det vert tekne nye prøver måndag 4. september som vil vise korleis det ligg an.



1



2



3

Her ser ein at frukta har fin dekkfarge, men er framleis for grøn i grunnfargen. Prøve 1 har noko meir utvikla grunnfarge.



Stivnedbrytinga har enno litt att her, utanom eit par stykk. Ein bør nok bu seg på starthasting til helga eller like over helga for dei tidlege felta..



Summerred

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7


Streif-index: 0,09-0,11

Dyrkar	K O Loen	G A Vereide
Stad	Loen	Sandane
Prøve nr	1	2
Dato	28.08.23	28.08.23
Fruktvekt	132 g	136 g
Grunnfarge	C2	C1-C2
Fastleik	8,9	8,7
Sukker	9,56	9,89
Stive	2,6	3,1
Streif	0,35	0,28

Epla har fått god dekkfarge. Det er framleis ein god del att på både grunnfarge, sukkerinnhald og stive. Summerred er ikkje hausteklar enno, ein kan nok rekne med to-tre veker. Det vert tekne nye prøver måndag 4.september.



Dekkfargen er fint utvikla. Grunnfargen er enno C1-C2 og er for grøn.



Ein ser her at det er mykje stive att i frukta.